



## INFORMASJON TIL DEN SOM SØKER PLEIE- OG OMSORGSTENESTER

### SELJORD KOMMUNE

For å fatte vedtak om pleie- og omsorgstenester, vil det vera behov for opplysningar om deg og ditt behov for hjelp.

Opplysningane er konfidensielle og er ein del av den elektroniske pasientjournalen (PROFIL). Helsepersonell som har tilgang til journalen har teieplikt.

Når Seljord kommune v/ Tenestekontoret mottar søknaden, kan det vera naudsynt med kartleggingsbesøk. Tenestekontoret tek kontakt med søkar.

- Du har lovfesta rett til å vera med å vurdere kva du treng hjelp til.
- Dersom du ikkje er i stand til å gje opplysningar om deg sjølv, vil/kan det vere naudsynt å ta kontakt med næraste pårørande.
- Du har lovfesta rett til å vite kva opplysningar som er registrert om deg. Viss det er feil i opplysningane, har du rett til å krevja dei retta.
- Di underskrift på søknadsskjemaet gjev samtykke til inn henting av informasjon som er relevant for sakshandsaminga.
- Dersom andre enn du sjølv skriv under på søknaden, må det føreligge fullmakt til kven som skal representere deg og/ eller føreligge erklæring frå helsepersonell om manglande samtykkekompetanse.

Kommunen nyttar elektronisk kommunikasjon, på lukka nett, med lege, NAV og helseføretak. Til NAV er det berre melding om trekk i samband med eigenbetaling ved langtidsopphald i institusjon.

#### **IPLOS:**

Nokre av opplysningane som kommunen ber deg om, vert sendt og lagra i eit sentralt register, IPLOS. Registeret skal brukas til statistikk/ forskning.

- Namn og adresse vil ikkje finnas i IPLOS-registeret. Fødselsnummer er erstatta med eit tilfeldig nummer.
- Du kan reservere deg mot at diagnoseopplysningar blir sendt til IPLOS-registeret. Sjå søknadsskjemaet.

#### **Ved tildeling av Tryggingsalarm:**

- kommunen må ha nykel til bustaden din, for å kunne låse seg inn v/behov for hjelp.

#### **Ved tildeling av Praktisk bistand - Heimehjelp:**

- Sjå eige informasjonsskriv [her](#)

#### **Rett til gratis tannbehandling:**

- Personar med vedtak om opphald i institusjon i meir enn 3 månadar
- Personar med vedtak om heimesjukepleie kvar veke i meir enn 3 månadar samanhengande,
- Personar med psykisk utviklingshemming, i og utanfor institusjon.

Skjema for tilbod om gratis tannbehandling finn du [her](#)

#### **Transport:**

- Ved tildeling av vedtak om dagopphald, betalar kommunen utgifter for transport
- Transport til og frå heimen/ opphald på bu- og servicesenter må tenestemottakar betale sjølv
- Transport ved innlegging/opphald til og frå institusjon vert dekkja av kommunen